



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2 2019

34. ÅRGANG

Rekeparty
på Nordfjordhytta
25.-26. mai – og
dugnad 11.-12.



FOTO: Dagfinn Aa



FOTO: Margrethe Henden Aarås ©

Midtsommardans
på Aaraas 21.-22. juni!



Leiaren – litt av kvart å gå på...

Gode medlemmar!

Sidan førre avisa har vi hatt årsmøte i laget, med val av styre, hyttestyre og presse- og PR-nemnd. Referatet står i denne avisa. Ringen har også hatt årsmøte.

Med våren følger dagnadar på hyttene og hyttehelg på Nordfjordhytta. Så kjem vårens vakraste, når ringen 17. mai dansar på helseinstitusjonar i Bærum. Det er ein etter kvart lang og fin tradisjon, til glede for mange.

Vi kunngrer også den store folkedans/musikktilskipinga på Aaraas gard i Nitte-dal jonsokhelga og Bygdelagskoret Blåne sin 90-årsjubileumskonsert 26. mai.

Og vi nemner ei storhending i heimefylket, nemleg Førdefestivalen 3.–7. juli. I år er det 30-årsjubileum der – 30 år utan grenser, sjå <https://www.fordefestival.no/>.

Vel møtt i laget!

Helsing *Agnar Kvellestad*, leiar

Dagnader på hyttene

Det vert **vårdagnad på Nordfjordhytta laurdag 11.–søndag 12. mai**. Møt opp.

Dagnaden på Sunnfjordhytta Pustut er ikkje heilt bestemt enno. Kjem melding.

Rekeparty på Nordfjordhytta 25.–26. mai

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat. Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden kl. 19.00.

Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag. Vel møtt på hytta!

Helsing *Astrid Gjørven og Dagfinn Aa*



FOTO: Dagfinn Aa

Midtsommardans 21.–22. juni på Aaraas gård, Nittedal

Helga 21.-23. juni inviterer vi til folkedans og underholdning på Aaraas gård i Nittedal, nord for Oslo.

Bondekona **Margrethe Henden Aaraas** (opphavleg frå Gloppen) og mannen **Olav Skrøver Aaraas** ser fram til å ta imot gjester frå fjern og nær på garden.

Austrheim Musikklag frå Gloppen blir ein viktig bidragsytar denne helga, og dreg i gong dansen alt fredag kveld.



Frå Trondheim kjem **Snaustrinda Spelemannslag**, som har sitt opphav i studentmiljøet ved NTNU. I tillegg til dansemusikk, går dei ikkje av vegen for å showe litt når høvet byr seg.

Sjølvsagt deltek også lokale aktørar! Folkedanslaget **Kjerringa med staven Nitelva**. Dansarane (ca 20!) har med forsterkningar frå Furuleiken Spel- og **Danselag** på Roa. Dei både dansar og syng frå ein rikhaldig songskatt. Her er det mykje god underholdning å glede seg til!



Austrheim Musikklag spelte seg gjennom alle fylka i landet i 2017, då dei markerte laget sitt 100-års jubileum. Laget er kjent for sin friske og varierte dansemusikk, der Nordfjord-tradisjonen står i sentrum.

Etter turnéen for to år sidan har dei fått mange nye musikk-venner i heile landet. No er tida inne for å erobre Nittedal og det sentrale austlandet.



Meir om helga på neste side...

Det blir servert **mat og drikke**, (øl/vin), både fredag og laurdag. Les meir om programmet (og ev. endringar), tips til overnatting o.a. på aaraasgard.no og på facebook-sida: **Aaraastunet**.

Med helsing vertskapet Margrethe & Olav

Bergteken
av **Blåne**

JUBILEUMSKONSERT
26. MAI 2019

Vi fyller
90 år

og med vår jubileumskonsert byr vi på både gammalt og nytt repertoar. Mellom anna møter du bergtatte damer, ein og anna bergekonge, nøkken, huldra, tusser og troll.
Dirigent: **Mari Tveito** • Gjestedirigent: **Anne-Line Sandegren**

Tid: 18.00 26. mai 2019 **Stad:** Nynorsken hus, Rosenkrantz' gate 8.

Midtsommardans 21.–22. juni på Aaraas – program:

Fredag 21. juni

Kl.19.00 Dansen går på høyloftet. Austrheim musikklag spelar.

Kafé: Sal av forfriskningar, svele og kaffi (øl og vin)

Bill. kr 150,-

Laurdag 22. juni

• Kl. 14.30 Omvising på Aaraas gård.

Vertskapet Margrethe og Olav Aaraas fortel om gardshistoria og drifta i 2019:

Inn på tunet, pilegrimsherberge, Airbnb-utleige, møte- og selskapslokale, matkurs og korndyrking. Bill. kr 50,-

• Kl. 16.00 Austrheim musikklag spelar i tunet

Kafé: Sal av kaffi/te og fersk gjærbakst

• Kl. 17.00 Leikarringen «Kjerringa med staven» har danseoppvising saman med spelemannslaget «Nitelva». Bill. kr 50,-

• Kl. 18.00 Sal av grillmat og rømmegraut Præt og mingling i tunet

• Kl. 20.00 Konsert med «Snaustrinda spelemannslag»

• Kl. 21.00 Dansen går på høyloftet med «Austrheim musikklag» og «Snaustrinda spelemannslag»

Bill. konsert & dans frå kl. 20.00 kr. 150,-

• Kl. 24.00 Vi tenner jonsokbål ved Nitelva (Åros bru). Med atterhald om løyve frå kommunen og bra vær.

Aktørar: Austrheim musikklag, Gloppen, Nitelva spelemannslag og folkedanslaget Kjerringa med staven, Nittedal - og Snaustrinda spelemannslag fra Trondheim

Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

14. februar 2018 kl. 19.00 i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22, Oslo

Til stades: 10 medlemar

1. Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps

Leiaren, Agnar Kvellestad, opna årsmøtet og ønskte alle velkomne. Innkallinga godkjend.

Ordstyrar: Agnar Kvellestad, referent: Agnar Hegrenes, protokollvitne: Dagfinn Aa og Henrik Linde. Årsmøtet valde ikkje teljekorps.

2. Godkjenning av saklista

Punkt 7 «Arkivering av lagsarkiv og faner» gjekk ut. Punkt 8 mangla i utsend sakliste.

Punkt 9 «Val» vart difor punkt 7. Elles vart saklista godkjend.

3. Årsmelding 2018

- Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga frå styret. Det var litt diskusjon om avviking av leigerettar for studenthyblar, men dei som uttalte seg, støtta styret sin konklusjonen om at desse no er avvikla.

- Alv Reidar Dale kommenterte årsmeldinga frå Presse- og PR-nemnda. Han nemnde enkelte tilskipingar som laget hadde marknadsført, men ikkje hadde ansvar for. Desse var omtala i meldinga. Agnar Kvellestad ga ros for flott avis.

- Dagfinn Aa og Agnar Hegrenes presenterte årsmeldinga frå hyttestyret. Det var noko snakk om oppfølging av tiltak etter brann- og feietilsyn på Pustut, og kva vi kan vente når det måtte bli tilsvarande tilsyn på Nordfjordhytta, sjå òg under budsjett for 2019.

- Asmund Hage hadde følgd opp vedtak på årsmøtet i 2018 om kontakt med Bærum Turlag/DNT. Han hadde skrive eit notat som var sendt ut saman med årsmeldinga.

Dagfinn Aa sa at prosessen hadde vore uheldig.

- Melding frå Sogn og Fjordaneringen var godkjend på årsmøtet i Ringen 22. januar. Det var ingen merknader til meldinga.

Vedtak: Årsmelding frå styret, nemndene og Sogn og Fjordanelaget godtekne. Notatet frå Asmund Hage teke til orientering.

4. Rekneskap for 2018

Kasseraren, Hilmar Nummedal, presenterte rekneskapa for laget og ringen. Han på-

peika et ein person har betalt medlemspengar for 2018 etter at årsmeldinga var skriven. Elles var det ingen merknader til rekneskapen.

Vedtak: Årsrekneskapen fastsett og godkjend, styret får ansvarsfridom.

5. Medlemspengar for 2020

Etter forslag frå styret vedtok årsmøtet følgjande som medlemspengane for 2020: kr 400 for vaksne (over 26 år) og kr 0 kr andre.

6. Arbeidsprogram og budsjett

- Det var sett opp og sendt ut planar for laget, Presse- og PR-nemnda, hyttestyret og Sogn og Fjordaneringen. Under møte kom det forslag om ei tilskiping i samband med at Arne Sølvsberg skal gje ut ny plate i vår.
- Det vart òg snakka om å få til ei tilskiping i samband med samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland til Vestland, og om soppkurs.
- I tillegg var det forslag om tiltak for å sikre branntryggleik på hyttene.
- Styret hadde sett opp eit budsjettforslag som gjekk i balanse, mens ringen budsjetterer med underskot. På grunn av usikkerheit om investeringsbehov på hyttene, mellom anna om behov for nye omnar på Nordfjordhytta, kom det forslag om at ein kan bruke inntil kr 20 000 av investeringsfondet til naudsynte tiltak på hyttene.

Vedtak: Arbeidsprogrammet vedteke. Styret og nemnder arbeider vidare med dei andre programforslaga. Ein kan bruke inntil kr 20 000 av investeringsfondet til naudsynte tiltak på hyttene. Arbeidsplan og budsjett for ringen: Godkjent.

7. Val

Årsmøtet i 2018 valde Asmund hage til medlem av valnemnd, og styret fekk fullmakt til å finne ein person til. Styret spurde Agnar Hegrenes, som sa ja. Valnemnda hadde forslag til styre, hyttestyre, Presse- og PR-nemnd og revisorar.

Desse vart valde med akklamasjon:

Styre

Leiar: Agnar Kvellestad, attval for 1 år

Styremedlemar: Anny Sollid og Alv Reidar Dale attval for 2 år

(Hilmar Nummedal og Jofrid Holter var ikkje på val i år)

Vara til styret: Henrik Linde, ny, vald for 1 år, og Agnar Hegrenes, attval for 1 år

Hyttestyret

Agnar Hegrenes, attval som leiar 2 år

Dagfinn Aa, attval 2 år

(Andor Gjelsvik, Oddvar Bjordal og Jostein Barksten var ikkje på val i år)

Presse- og PR-nemnda

Ragnvald Halset attvald for 2 år

(Leiaren, Alv Reidar Dale var ikkje på val)

Revisorar

Arne Kvamme og Ola Raftevold attvalde for 1 år.

Etter forslag på årsmøtet vart dessutan desse valde:

Valnemnd for 2020

Asmund Hage og Agnar Hegrenes

Utendingar til årsmøtet i BLS

Hilmar Nummedal, Alv Reidar Dale og Anny Sollid

Vara: Agnar Kvellestad

Utendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret

Jofrid Holter. Vara: Anny Sollid

Årsmøte i NU: Ingen

Styre i Sogn- og Fjordaneringen

Ringen hadde årsmøte 22. januar og valde følgjande styre:

Leiar: Ingjerd Torsby vald for 1 år

Marit Haug Loen og Torgunn Olsen Kvamme, styremedlemer for 2 år

Hjørdis Riber og Helge Veum var ikkje på val

Vara: Anne-Tove M. Rud og Olav Kvam for 1 år

Vedtak: Styret i Ringen godkjent

Årsmøtet slutt kl. 21.30

Oslo 14. februar/26. februar 2019

Agnar Hegrenes

referent

Dagfinn Aa

protokollvitne

Henrik Linde

protokollvitne

STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniform.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Ingjerd Torsby 913 16 368
sofingjerd@gmail.com

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
